



Trelavvo under byggjing ein annan stad i landet. Lavvoen på Skårhaug blir ikkje nødvendigvis slik.

**Natur og kultur hand i hand  
trelavvo på Skårhaug vil vi få istand**

**Det skriv styrar for den kommunale barnehagen  
Marianne Lyngnes Bjjørnebøle i eitt  
takkedikt til personalet sitt. Og ho opplyser at det tysdag  
vart halde eit positivt møte med lag og organisasjonar  
om byggjing av ein trelavvo på Skårhaug.**

Det møtte nøkkelpersonar både frå Uskedalen Utvikling, helselaget og friluftslaget. Den siste eig den aktuelle grunnen/plattingen som lavvoen skal byggjast på. Der har det tidlegare stått ein stofflavvo som vart lagt flat av vinden i 2006.

Styraren har ynskje om at AFA skal ta seg av byggjinga. Dei har kome med eit tilbod og Lio Sag og Kvinnherad Bygg har lova levering av gratis treverk og hun. Det som nå skal skje er at det blir jobba vidare med finansieringa og det formelle i samband med byggjinga.

Deretter går saka attende til AFA som imidlertid har lange ventelister med omsyn til oppdrag. Trelavvo er det einaste som vil vera sikra eitt lengre liv på Skårhaug der det er svært verhardt. Det er reist fleire trelavvoar i kommunen før, til dømes i Handelandsdalen og i Steinparken i Rosendal.

Av Ola Matti Mathisen